



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 26.05.2021
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlemmer møtte

Parti

Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Odd Bovim	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Randi Hagevik Aare	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Tom Andrè Vedvik Hopland	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V

Forfall

Parti

Varamedlem

Parti

Kim Gunnar Jensen	Kinn AP	Doris Christensen	Kinn AP
Leif Magne Gil	Kinn AP	Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP

Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H	Mats Brunsvik	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H	Trine Merete Hovland	Kinn H
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt	Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Asgeir Olav Solheim	Kinn SP	Marianne Kvalvik Kvamme	Kinn SP

Andre som møtte:

Norunn Stavø, kommunalsjef

Terje Heggheim, kommunedirektør

Linda A. Myhre Larsen, tenesteleiar informasjon og service

Møtenotater:

Kine Nygård forlot møtet etter handsaming av sak 077/21 og Bjarne Melvær Berge tiltrådte møtet før handsaming av sak 064/21.

Interpellasjon, sak 009/21 vert utsett til formannskapsmøte 08.06.2021.


Florø, 31.mai 2021

Ola Teigen

Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
061/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
062/21	Godkjenning av møteprotokoll
063/21	Refererte skriv og meldingar
064/21	Bemannings situasjonen ved Kinn helsestasjon, avdeling Florø
065/21	Disponering av ekstraordinær tilbakeføring frå KLP
066/21	Møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune
067/21	Nye produksjonslokale for Bordgleder KF
068/21	Utviding av skjenkeområde - Sjøkanten fisk og delikatess - Florø
069/21	Rapport finans- og gjeldsforvaltning per 31.12.2020
070/21	TV-aksjonen 2021: Bidrag frå Kinn kommune
071/21	Florø hamn KF sitt handlingsrom til å danne eige selskap
072/21	Kommunalt vann Torskangerpoll
073/21	Val av kommunekomite for TV-aksjonen 2021
074/21	Val av røystestyrer til stortingsval 2021
075/21	Interpellasjonar
008/21	Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking
009/21	Interpellasjon frå MDG Kinn - miljøkrav ved nybygg og rehabilitering
076/21	Søknad om fritak som varamedlem frå administrasjonsutvalet
077/21	Endring av promillesatsen for eigedomsskatt 2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Kommunestyret	26.05.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Raudt v/repr. Henriksson etterlyste innsendte spørsmål frå Raudt på saklista. Ordførar Ola Teigen orienterte at spørsmål er motteke og kjem på saklista.

Godkjenning av sakliste:

KrF v/ repr. Nydal, ønskjer innføring av taletid i dagens kommunestyremøte, 3 min til innlegg og 1 min til replikk.

Fleirtalet av kommunestyret ønskja ikkje innføring av taletid, men vil vurdere evt. taletid i løpet av møtet.

Raudt v/repr. G.Oldeide foreslo at sak 074/21 Val av røystestyrer til stotingsval 2021 vert fjerne frå saklista. Repr. Oldeide meiner dette er ei sak for valstyret.

Kommunedirektør Terje Heggheim orienterte at kommunestyret har ikkje gjeve mandat til valstyret å avgjere kven som skal sitte i røystestyra.

Ordførar Ola Teigen orienterte om at sak 077/21 vert handsama etter sak 063/21.

Spørsmål:

Spørsmål frå Raudt v/repr. Daniel Henriksson, kunstutsmykning i Storhallen ute på anbod, frist 01.01.2021.

Spørsmål frå Raudt (utheva skrift) og svar frå ordførar følgjar nedanfor:

Kven eller kva slags organ har tatt bestemmelsen med å gå i gang med utlysing av kunstprosjekt ved Storhallen gjennom Hordaland Kunstsenter, med søknadsfrist 1. januar 2021?

Prosjektet tok avgjersla og lyste ut kunstprosjektet. Det blei konferert med kommunalsjef, og det er ein del av plan for kommunikasjon og interessenthandtering som har vore sak i kommunedirektørgruppa.

Med kva slags grunnlag?

Krav frå særleg reguleringsplanen om tilpassing og samanheng med området. Forventning og ønskje

om medvirkning i prosjektet.

Vidare seier retningslinjene om kunst at Kommunedirektøren er ansvarleg for prosessen med val av kunstnar, kunstverk og plassering. Kommunedirektøren skal legge fram ei konkret fagleg vurdering og innhente kunstfagleg kompetanse der saksutgreiinga krev det. Då prosjektet har valgt at medvirkningsprosessen skal vere kunstnarstyrt, og ønskjer at denne skal vere ekte og reel, altså at den kan få faktiske virkningar på korleis uteområde og hall vil sjå ut, har ein vurdert det slik at Ad-hoc utvalet bør aktiverast så tidleg som mogleg sidan dei skal innstille til val av kunstnar/kunstverk i siste ende.

Vi har i utgangpunktet ikkje vurdert at sjølve medvirkningsprosessen skal politisk behandlast (men merker oss prosjektutvalet sin tydelige forventning om medvirkning i prosjektet), men sidan vi altså forventer at kunstnaren kan, evt i samarbeid med andre, følge prosjektet vidare, bør vi involvere ad-hoc utvalet.

Sentrumsplanen for Florø sentrum:

2.14 Kunst i offentleg rom (pbl § 11-9 nr. 6) · Blå promenade, Torggata, Strandgata og byparken skal vere prioriterte område for kunst i offentleg rom. Ved val og plassering av fast kunst i det offentlege rom skal det settast ned eit kunstutval for utveljing av kunstverk/kunstnar og plassering av verket. · Kunstutvalet sin tilråding skal vere rådgjevande for den kommunale sakshandsaminga. Retningslinjer: · Offentleg rom blir rekna som uterom som er opne for alle og er prega av frivillig opphald. · Kunst blir rekna som faste eller temporære prosjekt eller installasjonar som stimulerer til ei særleg oppleving.

I Reguleringsplanen står det ;

2.1.2 Estetikk a. Ferdselsårer, bygg og tilhøyrande uteareal skal ha god kvalitet i utforming og materialbruk, og løysingar som bidrar til god samanheng med tilgrensande idrettsområde, fri- og friluftsområde. b. Det skal leggjast vekt på å skape god samanheng mellom målpunkt i og like utanfor planområdet, samt gode opphaldskvalitetar.

Kor finn vi utgreiinga som ligg til grunn for utlysinga?

Det er kun utgreidd internt i prosjektet. Prosjektet har valgt å løyse utfordringa med å sjå samhengane mellom området (idrettsanlegg, skog, littlevatn) – interessentene (formelle og uformelle brukarar av området) – og krava til god integrasjon og estetikk / arkitektur, gjennom ein i første omgang kunstnarstyrt medverknadsprosess og i andre runde utsmykking av hallen.

Vi har tolka retningslinje slik at det er opp til kommunedirektøren til å legge rammene, med bakgrunn overordna plan, for kunstprosjektet knytt til det enkelte prosjekt. For å ha noko å handsame i ad-hoc utvalet har prosjektet valgt å lyse ut prosjektet, og vil i saksframstillinga til ad-hoc utvalet legge fram sin faglege tilråding til val av kunstnar/kunstverk.

Kva er status for utlysinga per dags dato?

Det er komme inn 13 søknadar, fleire med internasjonalt nedslagsfelt og mykje erfaring. Prosessen vidare er satt på vent, i påvente av avklaring i prosjektutvalet (økonomi) og oppnevning av ad-hoc utval som skal innstille til val av kunstnar. I utlysinga blei det tatt forbehold om dei vidare politiske prosessane knytt til saka.

Har dette fått nokon økonomiske konsekvensar for kommunen?

Det er brukt kr 2748 eks moms på kjøp av kunstfagleg rådgjeving frå Kunstnarsenteret i Hordaland.

Kvifor var kunstutsmykking ved Storhallen behandla i prosjektutvalet den 10. mai når vi har eit kommunestyrevedtak på at kunst i offentlege rom skal behandlast av Oppvekst- og kulturutvalet?

Retningslinjene seier at formannskapet skal handsame dei økonomiske rammene til kunstprosjektet. Oppfølging av prosjekt er delegert til prosjektutvalet, derfor har dei fått saka til behandling. Vidare seier retningslinjene og saka at det tidlig skal innarbeidast økonomiske rammer til kunst, og at prosessen skal starte opp tidlig i prosjekta.

Helsing:**Kultuprisen 2021 v/Venstre v/repr. Jan Henrik Nygård:**


Jan Henrik Nygård ønska på vegne av Sørstrand folkepark v/styret, å seie tusen takk til Kinn kommune v/oppvekst- og kulturutvalet for kulturprisen. Sørstrand folkepark har hatt nesten ei dobling av medlemstalet frå 2020 til 2021. Nygård oppfordra kommunestyret til å ta ein kikk på heimesida til folkeparken og sjå korleis parken ser ut. Nygård orienterte om at ein og kan sanke trimpoeng i folkeparken.

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 061/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksframlegg

Saksnr.	Utal	Møtedato
062/21	Kommunestyret	26.05.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Ingen merknadar.

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOST- 062/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 29.04.2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/21	Kommunestyret	26.05.2021

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

009/21, Godt resultat for 2020 og frigjøring av premiereserver

010/21, Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 04.05.2021

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

RS 010/21: Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 04.05.2021

Orientering v/kontrollutvalet v/leiar Kjell Heggen.


Votering:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 063/21 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	11.05.2021
038/21	Formannskapet	18.05.2021
064/21	Kommunestyret	26.05.2021

Bemannings situasjonen ved Kinn helsestasjon, avdeling Florø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

For å oppfylle lovpålagt oppgave om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1 årsverk helsesjuepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 11.05.2021

Ein har då slikt vedtak:

For å oppfylle lovpålagt oppgave om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1 årsverk helsesjuepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 11.05.2021:

Handsaming:

Representanten Kjell-Jarle Oldeide, Raudt la fram slikt framlegg til vedtak:

"For å oppfylle lovpålagt oppgave om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1,5 årsverk helsesjuepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021".

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (Raudt/SV)

HSOUV- 024/21 Vedtak:

Ein har då slikt vedtak:

For å oppfylle lovpålagt oppgave om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1 årsverk helsesjuepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Formannskapet 18.05.2021:

Handsaming:

Økt bemanning ved Kinn helsestasjon ,avdeling Florø, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt
For å oppfylle dei lovpålagte oppgåvene om skulehelseteneste, treng Helsestasjon og styrkast med 1,5 årsverk.Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Røysting:

Det vart votert alternativt over innstilling frå helse-, sosial og omsorgsutvalet og endringsframlegg frå Raudt v/repr. Tveranger.

Kommunedirektøren sitt framlegg vedtatt mot 4 røyster, G. Oldeide (R), M.K.Tveranger (R), M.Ø. Jensen (SV) og J. Nødseth (V).

FORM- 038/21 Vedtak:

For å oppfylle lovpålagt oppgåve om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1 årsverk helsesjukepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Kommunestyret 26.05.2021:**Handsaming:**

Bemanningssituasjonen ved Kinn Helsestasjon, avdeling Florø, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt

For å oppfylle lovpålagte tenester om skulehelseteneste, treng Kinn helsestasjon avdeling Florø, å styrkast med 1,5 årsverk. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021

Votering:

Det vart votert alternativt over innstilling frå formannskapet og framlegg frå Raudt v/repr. M.K. Tveranger. Innstilling frå formannskapet vedtatt mot 13 røyster; V-4, R-4, MDG-2 og SV-3.

KOST- 064/21 Vedtak:

For å oppfylle lovpålagt oppgåve om skulehelseteneste, treng helsestasjonen og styrkast med 1 årsverk helsesjukepleiar. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett 2021.

Bakgrunn for saka:

Med dagens bemanningssituasjon klarar ikkje helsestasjonen å oppfylle lovkrava i høve skulehelsetenesten. Ein opplev i dag at fleire av skulane ikkje har, eller har eit redusert tilbod om helsesjukepleiar i skulen. Årsaka til dette er med anna at andel av utøvande helsesjukepleiarar vart redusert i samband med kommunesamanslåing, med 30% til avdelingsleiar og at deler av tenesteleiar sin stilling ikkje vart erstatta. Avdelinga har også over tid hatt ei vakant stilling i 60%. Denne har stått vakant for å få eit budsjett i balanse. I tillegg har avdelinga hatt fleire langtidssjukmeldingar.

Saksopplysningar:

Helsedirektoratet utarbeider minstenorm for bemanning i helsestasjonen. Tabellen under viser bemanninga i Kinn helsestasjon, avdeling Florø si bemanning opp mot norm for skulehelseteneste frå 2010:

Helsesjukepleiarressurs i barneskulane

SKULAR	TAL ELEVAR	HELSEJUKEPLEIAR RESSURS	ANBEFALT MINSTEMORM	DIFFERANSE
Florø barneskole	500	100 % st.	174,8 % st.	- 74,8 % st.
Krokane skule	193	40 % st.	67,5 % st.	- 27,5 %
Torvmyrane skule	145	30 % st.	50,7 % st.	-18.3 % st.

Brandsøy skule	82 *	20 % st.	28,7 % st.	-8,7 % st.
Eikefjord b/u skule	145	40 % st.	50,6 % st.	-10,3 % st.
Steinhovden, Stavang	38	15 t./skuleår på kvar skule = 30 t.		

Helsesjukepleiarressurs i ungdomsskulen og vidaregåande skule

SKULAR	TAL ELEVAR	HELSEJUKEPLEIAR RESSURS	ANBEFALT MINSTENORM	DIFFERANSE	Skuleåret 2020/21
Florø ungdomsskule	428	90 % st.	85,6 % st.	Ok iflg. minstenorm	30 -60 % st. pga sm. *
Flora vidaregåande skule	540	70 % st.	67.5 % st.	Ok iflg minstenorm	

Vurderingar:


Skulehelsetenesta er ei lovpålagt og ikkje minst særst viktig oppgåve. I tillegg til å ha faste oppgåver som vaksinerings og helsesjekk, fyller helsesjukepleiarane ei viktig rolle i høve born og unge si psykiske helse. Dei er eit viktig supplement på skulane. Vi veit at mange barn og unge slit med ulike ting, og vi treng denne kompetansen i skulen. Situasjonen slik den er i dag i skulane i Florø er ikkje tilfredstillande der enkelte skular har eit tilbod langt under det som er tilrådd.

Økonomiske konsekvensar:

Eit årsverk helsesjukepleiar utgjer ca 700 000 kr per år

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/21	Kommunestyret	26.05.2021

Disponering av ekstraordinær tilbakeføring frå KLP

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Kinn kommunestyre vedtar å disponere tilbakeføringa frå KLP i tråd med alternativ b) *Ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021*. Bakgrunnen for slik tilråding er at regjeringa i kommuneproposisjonen for 2022 har signalisert at kommunane vert trekt for denne innsparinga i rammetilskotet over dei neste 7 åra. Alternativ b vil harmonisere med trekket i rammetilskotet, ved at innspart pensjonsutgift i prinsippet vert lik redusert inntekt over rammetilskotet i åra 2022-2028. Isolert sett vil kommunen få eit hopp i pensjonsutgifta på vel 10 millionar kroner frå og med 2029. I og med at innsparinga vert trekt frå rammetilskotet, må vi forvente at rammetilskotet til kommunane vert justert også i 2029, og at kommunen då får kompensert for den auka pensjonsutgifta.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Korrigert framlegg frå komunedirektøren, foreslått av ,
Kinn kommunestyre vedtar å bruke årleg 1/7 av tilbakeførte midlar frå KLP til betaling av pensjonspremie i 2021-2027. Dette vil harmonisere med forventade trekk i rammetilskotet over dei neste åra.

Votering:

Korrigert framlegg frå kommunedirektøren samrøystes vedtatt.

KOST- 065/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtar å bruke årleg 1/7 av tilbakeførte midlar frå KLP til betaling av pensjonspremie i 2021-2027. Dette vil harmonisere med forventade trekk i rammetilskotet over dei neste åra.

Bakgrunn for saka:

Tidlegare framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vedtar disponering av ekstraordinær tilbakeføring frå KLP i tråd med alternativ:

Ekstraordinær tilbakeføring vert å spare i premiefondet til seinare bruk.

Ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021.
Halvparten av ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021, medan den andre halvparten vert å spare i premiefondet til seinare bruk.
Økonomisk konsekvens vert å innarbeide i revidert budsjett 2021, og i økonomiplan 2022-2025

Formannskapet 20.04.2021:

Handsaming:

Alternativt framlegg frå ordførar:

Formannskapet ber kommunedirektøren kome attende med ei innstilling i sak 030/21.

Saka skal og innehalde ei drøfting av økonomiske konsekvensar utover 2025

Røysting:Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 030/21 Vedtak:

Formannskapet ber kommunedirektøren kome attende med ei innstilling i sak 030/21.

Saka skal og innehalde ei drøfting av økonomiske konsekvensar utover 2025.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Som følge av endringar i avsettingsbehov til alderspensjonar, får Kinn kommune i år ei ekstraordinær tilbakeføring frå KLP, førebels stipulert av KLP til om lag 93 millionar kroner. Denne frigjøringa av oppsparte pensjonsreservar vert tilført premiefondet til kommunen i andre kvartal. Utover å la midlane stå i premiefondet som ei sparing, kan kommunen nytte midlane til å betale pensjonspremie. I denne saka vert det illustrert kva tre ulike alternativ vil bety for Kinn kommune. Dei ekstraordinære midlane vil bli ståande på premiefondet inntil kommunen gir beskjed om å nytte dei til premiebetaling. Dersom Kinn kommunestyre ynskjer å disponere tilbakeføringa til å betale pensjonspremie i 2021, må det meldast inn til KLP før 18. juni i år.

Saksopplysningar:

Generell informasjon frå KLP

KLP skriv i vedlagte brev at dersom store deler av premien til KLP blir trekt frå premiefondet i 2021, vil innbetalt premie bli betydeleg redusert. Det vil føre til at premieavviket blir vesentleg lågare enn normalt, truleg negativt. Eit negativt premieavvik i 2021 vil redusere det akkumlerte positive premieavviket frå 31.12.2020. For dei sju komande åra vil då samla pensjonskostnad bli lågare, som følge av redusert amortisering (utgiftsføring) av akkumulert positivt premieavvik.

KLP peikar vidare på to forhold som vil vere aktuelle når kommunestyret skal vurdere bruk av premiefondet til betaling av premie i 2021 eller seinare:

Forventning om auka krav til avsetting og premieauke for AFP frå 2025, når medlemmar født i 1963 fyller 62 år og kan ta ut livsvarig AFP.

Forventning om endring i pensjonsreglane for personar med særaldersgrense. Omfattar mange medlemmari KLP. Nye reglar for særaldersgrenser kan medføre auka premiar.

Inneståande midlar på premiefondet kan eventuelt nyttast til å stabilisere premieinnbetalingane ved slik premieauke i komande år.

Dersom kommunen lar midlane stå i premiefondet, får kommune avkastning på midlane – i form av lågare pensjonsutgifter. Men den årlege avkastninga er lågare enn årleg sparte pensjonsutgifter knytt til redusert akkumulert premieavvik over dei neste sju åra.

Oppsamla KLP premieavvik 31.12.2020 Kinn kommune

Ved inngangen til 2021 er oppsamla positivt premieavvik i KLP bokført med 64,581 millionar kroner. Likviditetsmessig er denne summen betalt i form av pensjonspremie til KLP, men den er ikkje finansiert med inntekter over rekneskapen til kommunen. I tråd med regelverket står det positive premieavviket oppført som ein kortsiktig fordring i balanserekneskapen, det vil sei som ein fordring på kommunen sjølv. Balanserekneskapen kan seiast å være eit slags parkeringshus, der ein mellombels parkerer framtidige inntekter og utgifter. Eit positivt premieavvik er ei framtidig utgift. Kinn kommune har valt amortiseringstid 7 år. Det betyr at eit positivt premieavvik vert utgiftsført – og finansiert - med årleg 1/7 over dei neste 7 åra. Etter 7 år er det positive premieavviket finansiert over bevillingsrekneskapen, og samtidig nullstilt i balanserekneskapen.

Stipulert premieavvik KLP 2021

I vedlagte økonomiplanframskrivingar for 2021-2024 av oktober i fjor har aktuarane i KLP førebels stipulert årets positive premieavvik for Kinn kommune til å bli 47,905 millionar kr i fellesordninga og sjukepleiarordninga. Den ekstraordinære tilbakeføringa frå KLP er i desse berekningane forutsatt lagt til premiefondet til kommunen. Det positive premieavviket på 47,905 millionar kroner skal utgiftsførast med 1/7 over åra 2022-2028. Årleg auka utgift vert 6,844 millionar kroner.

Dersom Kinn kommune velger å bruke den ekstraordinære tilbakeføringa på 93 millionar kroner til dekking av pensjonspremie i 2021, vil premieavviket derimot bli på negativt 46,723 millionar kr. Årleg inntektsføring i 2022-2028 vil så bli 6,675 millionar kroner.

Vi veit ikkje i kva grad rammetilskotet til kommunane vil bli påverka av den ekstraordinære tilbakeføringa frå KLP.

Vidare i denne saka viser vi tre alternative disponeringar. Kommunestyret står fritt til å velje annan fordeling mellom bruk i 2021 og seinare år.

Dersom kommunestyret veljer å spare midlar i premiefondet i KLP vil ikkje informasjonen om midlane framkomme tydeleg av balanserekneskapen til kommunen. Det blir då viktig å opplyse om premiefondet i note til årsrekneskapen.

Vurderingar:

Alternativ disponering

Ved berekning av samla pensjonskostnad må vi i tillegg til premieavviket ta omsyn til forskjellen i avkastning på pensjonsmidlane. Ut frå kjent informasjon per i dag har KLP berekna kva tre ulike alternativ vil kunne bety økonomisk for Kinn kommune:

- a) Ekstraordinær tilbakeføring vert å spare i premiefondet til seinare bruk.
- b) Ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021

- c) Halvparten av ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021, medan den andre halvparten vert å spare i premiefondet til seinare bruk.

Vi går no inn på korleis kommunen sin samla pensjonskostnad blir påverka i dei tre alternativa. Samla pensjonskostnad består kvart år av netto pensjonskostnad, omkostningar og amortisert premieavvik. Omkostningane i KLP er lik i alle tre alternativa. Avkastning på pensjonsmidlar er berekna inn i netto pensjonskostnad. Netto pensjonskostnad vil av den grunn vere ulik i dei tre alternativa. Den største forskjellen kjem likevel av amortisert premieavvik. Tabellane til dei tre alternativa er utarbeidd på bakgrunn av tal frå KLP.

Alternativ a) Ekstraordinær tilbakeføring vert å spare i premiefondet til seinare bruk

Tabellen til alternativ a viser at samla pensjonskostnad er berekna til 95,829 millionar kroner i 2021, og at den aukar til 117,398 millionar kroner i 2024. Sidan den ekstraordinære tilbakeføringa vert spart i premiefondet, gir dette alternativet mest avkastning målt i kroner. Netto pensjonskostnad kjem av den grunn lågast ut alle åra i alternativ a. Amortisert premieavvik ligg høgast i dette alternativet, og er hovudårsaka til auken i samla pensjonskostnad.

Alternativ a) Spare ekstraordinær tilbakeføring til seinare bruk

Kinn kommune - fellesordninga og sjukepleiarordninga

BUDSJETT	2021	2022	2023	2024
Anslag samlet innbetaling	126 605	130 625	141 435	144 955
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget	18,6 %	18,7 %	19,6 %	19,5 %
Netto pensjonskostnad	73 703	75 858	78 209	80 593
Omkostninger	4 997	5 191	5 403	5 625
Amortisert premieavvik	17 129	19 803	24 742	31 180
Samlet pensjonskostnad	95 829	100 852	108 354	117 398
Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget	14,1 %	14,4 %	15,0 %	15,8 %
Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt)	47 905	49 576	57 823	58 737
FORUTSETNINGER	2021	2021	2023	2024
Pensjonsgrunnlaget i året	678 865	699 230	721 606	744 697
Avskrivningstid (Amortiseringstid)	7	7	7	7

Det er forutsatt uendrede regler for OfTP og uendret forholdstall fra KMD

Alternativ b) Ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021

Tabellen til alternativ b viser at samla pensjonskostnad er berekna til 97,457 millionar kroner i 2021, og at den aukar til 106,467 millionar kroner i 2024. Sidan den ekstraordinære tilbakeføringa vert brukt til betaling av premie i 2021, gir dette alternativet lågast avkastning målt i kroner. Netto pensjonskostnad kjem av den grunn høgast ut alle åra i alternativ b. Amortisert premieavvik er lågast i dette alternativet, og er hovudårsaka til at samla pensjonskostnad ligg 10,931 millionar kroner lågare enn alternativ a i 2024.

Alternativ b gir lågast samla pensjonskostnad i alle åra frå 2022 til 2028. I forhold til den økonomiske situasjonen kommunen står i, vil dette alternativet kunne bidra økonomisk i det

pågåande omstillingsarbeidet. Det er også mogleg å sette av den årlege innsparinga til kommunen sitt bufferfond. Midlane er meir likvide om dei står i kommunen sitt bufferfond, enn om dei står i premiefondet i KLP. Avkastning på midlar som eventuelt vert spart i kommunen sitt bufferfond kjem ikkje fram i reknestykka frå KLP.

Likviditetsmessig betyr alternativ b at 93 millionar kroner vert trekt av premiefondet i KLP, i staden for at kommunen betalar tilsvarende premie direkte frå bankkontoen. Renteinntekter på desse midlane er ikkje berekna inn i tala frå KLP.

Bakdelen med alternativ b er at kommunen skyver ei økonomisk utfordring fram i tid. Når det negative premieavviket er ferdig amortisert (inntektsført) etter 7 år, vil kommunen få ei auke i årleg pensjonskostnad.

Alternativ b) Bruke ekstraordinær tilbakeføring på 93 mill kr til betaling av premie

Kinn kommune - fellesordninga og sjukepleiarordninga

BUDSJETT	2021	2022	2023	2024
Anslag samlet innbetaling	33 605	130 625	141 435	144 955
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget	5,0 %	18,7 %	19,6 %	19,5 %
Netto pensjonskostnad	75 331	79 170	81 637	84 141
Omkostninger	4 997	5 191	5 403	5 625
Amortisert premieavvik	17 129	6 286	10 753	16 701
Samlet pensjonskostnad	97 457	90 647	97 793	106 467
Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget	14,4 %	13,0 %	13,6 %	14,3 %
Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt)	-46 723	46 264	54 395	55 189

FORUTSETNINGER	2021	2021	2023	2024
Pensjonsgrunnlaget i året	678 865	699 230	721 606	744 697
Avskrivningstid (Amortiseringstid)	7	7	7	7

Det er forutsatt uendrede regler for OfTP og uendret forholdstall fra KMD

Alternativ c) Halvparten av ekstraordinær tilbakeføring vert å bruke til betaling av pensjonspremie i 2021, medan den andre halvparten vert å spare i premiefondet til seinare bruk.

Eit tredje alternativ vil kunne vere ei mellomløysing, der halvparten av tilbakeføringa vert nytta til å betale pensjonspremie i 2021, og den andre halvparten vert ståande på premiefondet til seinare bruk. Då vil kommunen til dømes kunne bruke den andre halvparten til betaling av premie i 2028, og sånn sett fordele innsparinga over 14 år i staden for 7 år.

Tabellen til alternativ c viser ein samla pensjonskostnad på 96,643 millionar kroner i 2021. I 2024 vil pensjonskostnaden ligge på 111,93 millionar kroner.

Alternativ c) Halvpart 46,5 mill kr til betaling premie og halvpart 46,5 mill kr til seinare bruk**Kinn kommune - fellesordninga og sjukepleiarordninga**

BUDSJETT	2021	2022	2023	2024
Anslag samlet innbetaling	80 105	130 625	141 435	144 955
Anslag samlet innbetaling i % av pensjonsgrunnlaget	11,8 %	18,7 %	19,6 %	19,5 %
Netto pensjonskostnad	74 517	77 514	79 923	82 367
Omkostninger	4 997	5 191	5 403	5 625
Amortisert premieavvik	17 129	13 044	17 746	23 938
Samlet pensjonskostnad	96 643	95 749	103 072	111 930
Samlet pensjonskostnad i % av pensjonsgrunnlaget	14,2 %	13,7 %	14,3 %	15,0 %
Årets premieavvik (positivt avvik som inntekt)	591	47 920	56 109	56 963
FORUTSETNINGER	2021	2021	2023	2024
Pensjonsgrunnlaget i året	678 865	699 230	721 606	744 697
Avskrivningstid (Amortiseringstid)	7	7	7	7

Det er forutsatt uendrede regler for OfTP og uendret forholdstall fra KMD

Økonomiske konsekvensar:*Samla pensjonskostnad – oppsummering*

Tabellen nedafor viser forskjellen i samla pensjonskostnad knytt til dei tre ulike alternativa.

Alternativ a gir lågast pensjonskostnad i 2021, men høgast utgift i påfølgande (7) år. Alternativ b gir høgast utgift i 2021, men lågast utgift i påfølgande (7) år. Alternativ b vil gje ein betydeleg likviditetsmessig effekt for kommunen, som følgje av at årets premie blir trekt av premiefondet i KLP og ikkje betalt direkte av kommunen. Renteinntekter knytt til auka likviditet er ikkje berekna inn i tala frå KLP. Dette då tala frå KLP er utelukkande knytt til pensjonsordninga. Alternativ c er ei mellomløysing. Dersom ein velger alternativ c kan kommunen til dømes fordele ei innsparing over 14 år i staden for 7 år, noko som isolert sett vil gje meir stabile pensjonskostnader over tid.

	Samla pensjonskostnad			
Alternativ	2021	2022	2023	2024
Alternativ a) Spare alt i premiefondet til seinare bruk	95 829	100 852	108 354	117 398
Alternativ b) Bruke alt til premiebetaling i 2021	97 457	90 647	97 793	106 467
Alternativ c) Spare 50%, bruke 50%	96 643	95 749	103 072	111 930
Forskjell a) minus b)	-1 628	10 205	10 561	10 931
Forskjell a) minus c)	-814	5 103	5 282	5 468

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

God kommunal rekneskapsskikk

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:


«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Ekstraordinært tilbakeføring fra KLP til kundene

KLP Økonomiplan 2021-2024 følgeskriv

KLP Økonomiplan 2021-2024



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/21	Kommunestyret	25.03.2021
057/21	Kommunestyret	29.04.2021
066/21	Kommunestyret	26.05.2021
009/21	Ungdommens kommunestyre i Kinn	06.05.2021
	Ungdommens kommunestyre i Kinn	

Møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Frå H, foreslått av Hanne Eva Husebø Kristensen, Kinn Høyre

3. Ny setning i første avsnitt: Kamera skal som hovedregel alltid være på

4. Chat skal ikke brukast til kommentarer (nytt), innlegg eller debatt

7. Den som har ordet skal (i opprinnelig tekst: bør) ha kamera på under innlegg

9. Røysting skal som hovedregel foregå ved fysisk stemmegiving.

Forslag frå Raudt, foreslått av Sunniva Audardottir Oldeide, Kinn Rødt

3 Møtestart

Tilleggssetning før siste avsnitt: "Kamera skal som hovudregel vere på."

7 Innlegg, replikk taletid

Møtelyd kan innføre taletid ved behov.

Den som har ordet skal ha kamera på under innlegg.

9 Røysting

Møtelyd avgjer om røysting...

10 Openheit/offentlegheit

Stryke andre setning til fordel for: "Møtet skal minimum strømmast eller leggst ut som opptak i ettertid, så langt som råd skal begge deler gjerast."

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
Alternativt framlegg pkt. 11: "Dersom det skjer teknisk avbrot kan telefonkonferanse skal nyttast som reserveløysing dersom samtlege deltakarar godtek dette. Offentlegprisippa skal i så fall ivaretakast så langt det lar seg gjere."

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

KOST- 037/21 Vedtak:

Sak utsett til neste møte i kommunestyret 29.04.2021.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

3. Møtestart

Tilleggssetning før siste avsnitt: "Kamera skal som hovudregel vere på."

7. Innlegg, replikk taletid

Møtelyd kan innføre taletid ved behov.

Den som har ordet skal ha kamera på under innlegg.

9. Røysting

Møtelyd avgjer om røysting...

10. Openheit/offentlegheit

Stryke andre setning til fordel for: "Møtet skal minimum strømmast eller leggst ut som opptak i ettertid, så langt som råd skal begge deler gjerast."

Framlegg fra MDG - til kommunedirektørens innstilling, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Tilleggsframlegg til kommunedirektørens framlegg:

1. Møter i utval og formannskap i Kinn kommune skal som hovudregel haldast som digitale møter.

Møter i kommunestyret skal som hovudregel haldast som fysiske møter.

2. Om møter i utval og formannskap vert halde som fysiske møter skal møteleiar opne for at enkeltrepresentantar som ynskjer det skal kan delta digitalt. Dette gjeld likevel ikke når utvalet skal handsame saker som krever befaringsområde som ein del av avgjerdsgrunnlaget i møtet, eller saker som krev lukka møte etter § 11-5, 2. ledd.

3. Representantar som deltek digitalt skal likevel kunne delta i handsaminga av saker i møtet som ikkje går inn under førre pkt, 2. setning.

Framlegg fra MDG til regelverket, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Alternativt framlegg pkt. 11: "Dersom det skjer teknisk avbrot kan telefonkonferanse skal nyttast som reserveløysing dersom samtlege deltakarar godtek dette. Offentlegprisippa skal i så fall ivaretakast så langt det lar seg gjere."

Frå Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

3. Ny setning i første avsnitt: Kamera skal som hovedregel alltid være på
4. Chat skal ikke brukast til kommentarar (nytt), innlegg eller debatt
7. Den som har ordet skal (i opprinnelig tekst:bør) ha kamera på under innlegg
9. Røysting skal som hovedregel foregå ved fysisk røysting.

Kommunedirektør; fjerner ordet chat, for å slippe å revidere reglementet om kort tid.
Administrasjonen arbeider med å få på plass votingssystem kopla opp mot Acos Møte.

Votering:

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson , pkt. 3., samrøystes vedtatt.
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, pkt.. 7. og 9., samrøystes vedtatt.
Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, pkt. 10, vedtatt mot 14 røyster; Ap-10, SV-2, SP-2.
Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, pkt. 1., vedtatt mot 18 røyster; SV-3, Raudt-4, V-4, SP-7.
Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, pkt. 2., vedtatt mot 18 røyster; V- 4, Sp-7, Raudt-4, H-3.
Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, pkt. 3., vedtatt mot 6 røyster; V-2, R-4.
Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, pkt. 11., samrøystes vedtatt.
Framlegg frå Høgre v/repr. Vågene, pkt. 4., samrøystes vedtatt.
Framlegg frå Høgre v/repr. Vågene, pkt. 9., samrøystes vedtatt.

Det vart tilslutt votert over heile reglementet med dei vedtekne endringane, vedtatt mot 1 røyst (V-Nødseth).

KOST- 066/21 Vedtak:

Møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune vedtatt med følgjande endringar:

1. Møter i utval og formannskap i Kinn kommune skal som hovudregel haldast som digitale møter.
Møter i kommunestyret skal som hovudregel haldast som fysiske møter.
2. Om møter i utval og formannskap vert halde som fysiske møter skal møteleiaren opne for at enkeltrepresentantar som ynskjer det skal kan delta digitalt. Dette gjeld likevel ikke når utvalet skal handsame saker som krev befarung som ein del av avgjerdsgrunnlaget i møtet, eller saker som krev lukka møte etter § 11-5, 2. ledd.
3. Møtestart
Tilleggssetning før siste avsnitt: "Kamera skal som hovudregel vere på."
3. Representantar som deltek digitalt skal likevel kunne delta i handsaminga av saker i møtet som ikkje går inn under førre pkt, 2. setning.
4. Chat skal ikkje brukast til kommentarar (nytt), innlegg eller debatt.
7. Innlegg, replikk taletid
Møtelyd kan innføre taletid ved behov.
Den som har ordet skal ha kamera på under innlegg.
9. Røysting
Møtelyd avgjer om røysting...
9. Røysting skal som hovedregel foregå ved fysisk røysting.
10. Openheit/offentlegheit
Stryke andre setning til fordel for: "Møtet skal minimum strømmast eller leggst ut som opptak i ettertid, så langt som råd skal begge deler gjerast."

11. Dersom det skjer teknisk avbrot kan telefonkonferanse skal nyttast som reserveløysing dersom samtlege deltakarar godtek dette. Offentlegprinsippa skal i så fall ivaretakast så langt det lar seg gjere.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret eininge i K-møte 18.02.2021 om å utarbeide eit møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Admnistrasjonen fekk i oppdrag av kommunestyret å utabeide eit utkast til møtereglement for fjernmøter i Kinn kommune, til handsaming i kommunestyremøte 25.03.2021.

Vurderingar:

Dokumentet inneheld reglement for fjernmøter jf. kommuneloven § 11 - 7 og reglement for sakshandsaminga i folkevalde organ jf. kommuneloven § 11-12.

Hovudregelen i kommuneloven er at møter i folkevalde organ vert halde som fysiske møter kor dei folkevalde møtast i same rom. Kommuneloven opnar i tillegg for fjernmøter.

Fjernmøte innebær at deltakarane ikkje sit i same lokale, men at dei via tekniske hjelpemiddel likevel kan sjå, høyre og kommunisere med kvarandre. Krava som elles gjeld for møter, gjeld og for fjernmøter.

Eit møte som skal lukkast etter § 11-5 andre ledd, kan ikkje haldast som fjernmøte. Saker som skal unntakast frå offentlegheita, kan ikkje handsamast i slike møter. Når slike saker skal handsamast, må møtet haldast som eit fysisk møte.

Dette reglementet supplerer *Delegeringsreglement for Kinn kommune* og *Møtereglement for Kinn kommune*.

Reglementa gjeld for alle folkevalde organ i Kinn kommune og gjeld så langt det ikkje strir mot særskilde fastsette bestemmingar i lov eller reglement for einskildorgan.

For eksterne styrer, råd og utval følgjer reglane av desse utvala egne reglement og vedtekter.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:


Kommunelova § 11-7

Kommunelova § 11 – 12

Kommunelova § 11 – 5, andre ledd

Vedlegg i saken:

Reglement for fjernmøter i Kinn kommune (v2021.03.17)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/21	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.04.2021
067/21	Kommunestyret	26.05.2021

Nye produksjonslokale for Bordgleder KF

Framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til saka slik den ligg føre og ber kommunestyret fatte slikt vedtak:
Styret i Bordgleder KF får fullmakt til å inngå leigeavtale for nye produksjonslokale i tråd med det som framgår av saksutgreiinga.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.04.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

BOGL- 013/21 Vedtak:

Styret sluttar seg til saka slik den ligg føre og ber kommunestyret fatte slikt vedtak:
Styret i Bordgleder KF får fullmakt til å inngå leigeavtale for nye produksjonslokale i tråd med det som framgår av saksutgreiinga.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Alternativt framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

1. Styret i Bordgleder KF får ikke fullmakt til å inngå leieavtale i tråd med saksutgreiinga.
2. Kommunestyret ønsker å behandle dette spørsmålet sammen med en helhetlig vurdering av den fremtidige bruken av sykehusbygget og kommunens øvrige bygningsmasse.

Forslag til vedtak fra KrF, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Styret i Bordgleder får fullmakt til å hente inn tilbud på leigeavtale for nye produksjonslokale for Bordgleder KF

2. Den økonomiske konsekvensen for Kinn Kommune blir lagt fram for Kommunestyret for endelig godkjenning før Styret får inngå ny leieavtale.

Styreleiar i Bordgleder KF, Jacob Nødseth, orienterte.

Raudt v/repr. Tveranger fremma utsetjingsframlegg.

Kommunestyret vedtok mot 11 røyster å handsame saka; R-4 - H-2, SP-5.

Votering:

Framlegg frå KrF v/repr. Nydal samrøystes vedtatt.

KOST- 067/21 Vedtak:

1. Styret i Bordgleder får fullmakt til å hente inn tilbud på leieavtale for nye produksjonslokale for Bordgleder KF.

2. Den økonomiske konsekvensen for Kinn Kommune blir lagt fram for Kommunestyret for endelig godkjenning før Styret får inngå ny leieavtale.

Bakgrunn for saka:

Kvar dag et omlag 520 personar måltid frå Bordgleder KF. Kundane er omsorgstrengande og bebuarar på institusjonar i Florø og omegn, og på ferjer langs heile Norskekysten frå Trondheim i nord til Stavanger i sør. Produksjonen er samkøyr, slik at alle kundane får den same maten. I tillegg produserer kjøkkenet mat tilpassa enkelte brukarar sine særskilde behov.

Saksopplysningar:

Kjøkkenet har i over 20 år vore lokalisert til kjellaren på Florø sjukehus. Like lenge har det vore diskutert at dette er ei uhensiktsmessig lokalisering, og at ein burde finne nye og meir tidsriktige lokale. Dei seinare åra har framtidig bruk av sjukehuseigedomen aktualisert eit behov også frå eigar at Bordgleder som leigetakar finn andre lokale for å raskare kunne bruke sjukehuseigedomen til andre føremål. Bordgleder har vore tenkt inn i andre kommunale prosjekt, m.a. Doc'en II, nye Miljøhuset, Trovikeigedomen mv. men ein etter ein har ein konkludert med at dette ikkje ville vere hensiktsmessig. Det er no eit stort behov for å avklare saka og kome vidare, både med tanke på effektivisering av produksjonen og statlege krav og føringar til både arbeidsmiljø og mattryggleik.

Florø sjukehus er bygt på 1920-talet og Bordgleder held til i kjellaren i den eldste delen av bygget, med lagerfasilitetar og garderobe også i den «nyaste» delen av bygget. Bygget og areala er ikkje tilpassa ein moderne matproduksjon. Mellom ytterpunkt i funksjonar i drifta er det ca 90 meter avstand, noko som er svært lite effektivt.

Dei tilsette har over fleire år venta på avklaringar om nye lokale som var venta gjennom kommunale prosessar, som reelt sett har hindra at produksjonen kunne bli flytta. Det har stadig vore prosjekt som Bordgleder kunne ta del i, og alle har blitt utsett eller realisert utan at Bordgleder kom nærare nye lokale.

Sjukehusbygget har manglar som eigar (kommunen) ikkje har utbetra, i påvente av totalrenovering av bygget. Av størst konsekvens for Bordgleder er generelt lite tidsmessig utforming og manglande vedlikehald. Det er svært dårleg ventilasjon i bygget og eit inneklime som fleire opplever som utfordrande i sin arbeidskvardag. Det er behov for auka kjøle- og frysekapasitet, maskiner og lagerkapasitet. Dette er naturlege grep som må takast i ein slik produksjon, og det er lite hensiktsmessig og framtidsretta å gjere det i dagens bygg. Frysekapasiteten er i dag så avgrensa, at føretaket må vurdere å leige inn ein frysecontainer som vert å plassere ved kjellarinngangen.

Krava til mattryggleik og kvalitet vert ikkje mindre i åra som kjem. Gamle bygg og lokale gjer at reinhald mv. vert dyrare enn i moderne lokale. Det er pr i dag ingen kritiske utfordringar, så på dette punktet handlar det primært om å sjå lengre fram og ruste drifta for framtidige krav og moglegheiter.

Bordgleder vil kunne drive meir effektivt i eit nytt lokale, noko som vil bli gjort greie for under økonomiske konsekvensar. Ei meir moderne og effektiv drift vil venteleg også ha positive miljømessige konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Innleiande presisering om framtidig drift: Når denne saka kjem til handsaming er det ikkje avklara om Bordgleder KF skal levere også til Vågsøy-delen av Kinn kommune. Sak om nye produksjonslokale er ikkje avhengig av eller basert på ein føresetnad om slik produksjon. Likevel er det viktig å presisere at framtidig drift slik den er skissert her tek omsyn til at også leveranse til Vågsøy og ev. utvida produksjon til eksisterande kundar kan gjerast innan det arealomfang som her vert skissert, utan behov for auka areal.

Bordgleder KF har 9,6 årsverk, fordelt på 10 tilsette. Det er venta noko nedgang i tal tilsette framover, m.a. på grunn av pensjon. Produksjonen er i dag unødvendig tungdriven, og det ligg eit stort effektiviseringspotensial i eit meir komprimert og straumlinjeforma produksjonslokale. Dette kan føre til at ein ikkje treng å tilsette i nye stillingar, når desse av ulike grunnar blir vakante.

Føretaket betaler husleige til Kinn kommune på kroner 510.000 kvart år. Dagens areal er 592 kvadratmeter. I normalår (unntatt koronaåret 2020) leverer Bordgleder KF positivt driftsresultat. Bordgleder KF har starta arbeidet med å kartlegge arealbehovet for eit nytt kjøkken. Dette vil vere inntil om lag 1.000 kvadratmeter, men føretaket er opptatt av å redusere areal mest mogleg ved å tenke smartare løysingar og effektivisering.

Bordgleder har vurdert om det er hensiktsmessig å eige sjølv eller å vere leigetakar. Det vert vurdert som det mest tenlege, både i høve kommunen si lånegjeld og framdrift i prosjektet, å vere leigetakar med ein avtale på minimum 10 år, lokalisert til Florø. Bordgleder leverer mat frå eit kjøken i eit lukka system, som vert sendt ut nedkjølt, i eit relativt stort omfang. Maten vert varma hos kunden, anten det er på ferjer, på institusjon eller heime hos dei eldre. Ved val av ny lokalitet i Florø er det difor m.a. viktig å vektlegge god logistikk som gjer at transport av varer til kjøkenet, og produkt frå kjøkenet går mest mogleg smidig.

Sidan arealbehovet er større enn det Bordgleder i dag har tilgjengeleg i sjukehuskjellaren, og kvaliteten på bygget venteleg vil vere langt høgare enn i dag, legg Bordgleder KF til grunn at husleigekostnaden vil auke. Denne auken i høve dagens situasjon vert å dekke innanfor Bordgleder KF sitt eige budsjett.


Eit meir moderne og tilpassa lokale vil venteleg ha ein positiv effekt òg på dei tilsette sitt arbeidsmiljø, og vil gjere Bordgleder KF meir attraktiv i marknaden for nye kundar. I den private marknaden utover leveransar til Kinn kommune, er Bordgleder KF sine konkurrentar lokalisert utanfor Kinn kommune. Ei meir framtidsretta drift av Bordgleder KF sikrar dermed arbeidsplassar som elles ville vore lokalisert utanfor kommunen.

Vidare prosess:

Bordgleder har drøfta saka og framdrift med kommunen sin administrasjon. Dei tilsette ved Bordgleder er involvert i prosessen, og ser fram til å kome på plass i nye lokale.

I det vidare vil Bordgleder støtte seg på kommunen si innkjøpsavdeling for å sikre at ein rettar seg etter gjeldande innkjøpsregelverk når ein går ut i leigemarknaden. Det er eit mål å vere på plass i nye lokale innan utgangen av 2022. Med denne saka får styret fullmakt til å realisere flyttinga mv. innanfor dei rammene som denne saka teiknar opp.

Anett Sætren Halsør
Tanya Kråkenes

Joakim Silden
Aud Grete Myhre
Annbjørg Raknes
Leif Gunnar Skavøypoll
Jan Gunnar Televik

Vurderingar:


Framlegg til tal medlemmar og varamedlemmar er ved stortingsvalet 2021 tilsvarande som ved tidlegare val. Ein må ha eit visst tal varamedlemmar, dersom medlemmar ikkje kan stille. Ved stortingsvalet 2021 skal ein og ha eit spesielt fokus mht gjennomføring av smittevernreglane under pandemien. Varamedlemer vert kalla inn ved behov.

Økonomiske konsekvensar:

Medlemmar og varamedlemmar som deltek i forbindelse med gjennomføringen av stortingsvalet 13.09.2021 får utbetalt pensjonistløn, kr. 218,-, for dei timane dei stiller, jfr. vedtak i sak 008/21 i valstyret.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vallova
Valforskrifta
Valhandboka



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/24451
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 19.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/21	Kommunestyret	26.05.2021

Interpellasjonar

Underliggende sak:


008/21, Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking
Ingen vedtak.

009/21, Interpellasjon frå MDG Kinn - miljøkrav ved nybygg og rehabiliteringer
Ingen vedtak.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

KOST- 075/21 Vedtak:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Kommunestyret	29.04.2021
008/21	Kommunestyret	26.05.2021

Interpellasjon etter resultatet av spørjeundersøking

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Interpellasjon frå Raudt v/repr. G.Oldeide, Oldeide las opp:

"Interpellasjon om innbyggjarane sitt ønske om reversering

Organisasjonen "Ja til reversering" har fått gjennomført ei spørjeundersøking om eventuell reversering av Kinn kommune. Svaret er veldig klart. Innbyggjarane våre vil ikkje ha Kinn. Både i nord og i sør er stemninga klar. Ein ønsker seg tilbake til hhv Vågsøy og Flora.

No er det jo sjølv sagt Stortinget og ikkje kommunestyret i Kinn som bestemmer om kommunen skal bestå eller ikkje. Men vi som lokale folkevalde må også meine noko om dette. Ser ein tilbake på Stortinget si handsaming av opprettinga av Kinn, så vart det lagt stor vekt på kva kommunestyra i Vågsøy og Flora i si tid meinte om saka.

For Raudt er saka klar. Vi har vore imot danninga av Kinn heile vegen. Av mange grunnar. Ein av dei viktigaste er at folket i Vågsøy vart overkjørt av sine lokale folkevalde. Vårt syn er at når dei folkevalde er på kollisjonskurs med folket, så er det dei folkevalde som må justere haldninga si – ikkje folket. No står vi på mange måtar i same stilling i Kinn. Dei partia som har ivra mest for Kinn-prosjektet har fleirtal i kommunestyret og er såleis no på kollisjonskurs med folket. Vi spør difor ordføraren:

1. Korleis vil ordføraren ta omsyn til at innbyggjarane i kommunen no ønsker å løyse opp kommunen igjen?"

Ordførar Ola Teigen orienterte:

Ordførar har trua på Kinn kommune, sjølv om ein ser utfordringar. Det er viktig å akseptere samanslåinga. Ordførar har til sine veljarar sagt at han vil slåss for ein stor kystkommune og det er det han til dagleg jobbar for. Kysten treng ei større kommune og større samla makt for å hevde for posisjon. Det viktigaste for innbyggjarane er at vi skapar gode tenester for innbyggjarane, og at det er det kommunestyrerepresentantane har fokus på, og som er vår oppgåve. Det er mitt mandat som ordførar.

Vi skal sjølv sagt lytte til innbyggjarane, dei er opptekne av at dei får gode tenester. Vi har fått til mykje i løpet av 1 1/2 år.

Om vi skal gå inn ein diskusjon om ein kommunedebatt må vi ha med oss kva vil vi og kva ei eventuell reversering vil bety for innbyggjarane.

Min måte å ta omsyn til innbyggjarane er å setje kommunen i ein posisjon til å få enda større gjennomslag for våre innbyggjarar sine behov, og og setje oss i ein situasjon til å kunne utvikle tenestene.


Vi har sett eksempel på at vi har gode tenester då vi har motteke prisar, vi er på god vei, men sjølvsagt har vi utfordringar, eg trur Kinn kommune er levedyktig. Eg trur det var rette grep vi gjorde for å bygge ei sterk kystkommune.

KOST- 008/21 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/24282
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 16.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/21	Kommunestyret	26.05.2021
	Formannskapet	

Interpellasjon frå MDG Kinn - miljøkrav ved nybygg og rehabiliteringer

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:


Interpellasjon frå MDG v/repr. O. Bovim utsett til formannskapsmøte 08.06.2021.

KOST- 009/21 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgeskriv



Kinn kommune

Arkiv: FE-033, FE-465
JournalpostID: 21/24317
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 19.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Kommunestyret	26.05.2021
	Kommunestyret	

Søknad om fritak som varamedlem frå administrasjonsutvalet

Kommunestyret sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Saka utsett til ekstraordinært kommunestyremøte.

KOST- 076/21 Vedtak:

Saka utsett til ekstraordinært kommunestyremøte.

Bakgrunn for saka:

Søknad frå Thomas Haugnes (H) om fritak frå vervet som vamedlem i administrasjonsutvalet grunna militærteneste og at han har meldt seg ut av partiet Høgre. Søknad om fritak gjeld ut valperioden, september 2023.

Saksopplysningar:

Thomas Haugnes (H) har i epost 21.09.2020 søkt om fritak frå vervet som 3. vamedlem i administrasjonsutvalet, grunna militærteneste og at han har meldt seg ut av partiet Høgre. Søknad om fritak gjeld ut valperioden, tom september 2023. Søknad om fritak er grunna ein inkurie ikkje meldt opp til kommunestyret tidlegare.

I kommunelva § 7-9. Uttreden og fritak står det:

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.

I kommunelova § 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg 4. ledd står det:

Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttreddende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.

I kommunelova § 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg 7. ledd står det:

Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.

Høgre kan sjølv foreslå kven som skal veljast, og informere kommunestyret som veljer den foreslåtte kandidaten, om dei lovbestemte vilkåra er oppfylt.

Vurderingar:

Fritaksgrunn vil i fyrste rekke vere at søkjaren sitt arbeidsforhold, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefylt å oppfylle dei plikter vervet fører med seg.

Fritak for den tida Haugnes er i militæret bør innvilgast jfr. § 7-9 i kommunelova.

Fritak grunna at Haugnes har meldt seg ut av partiet Høgre, er ikkje i tråd med dei lovbestemte vilkåra.

Høgre kan sjølv foreslå kven som skal veljast og informere kommunestyret, som veljer den foreslåtte kandidaten om dei lovbestemte vilkåra er oppfylt.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kommunelova § 7.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/21	Kommunestyret	26.05.2021

Endring av promillesatsen for eigedomsskatt 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret fastset skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar til 3,3 promille og for næringseigedomar til 5 promille.
2. Klagefristen for saker om eigedomsskatt vert sett til 1. november 2021
3. Fakturering av eigedomsskatt vil skje med verknad frå veke 22 i 2021.

Kommunestyret 26.05.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG - endring av kommunedirektørens framlegg pkt. 1, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Kommunestyret fastset skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar til 4 promille og for næringseigedomar til 5 promille. Det vert innført eit botnfrådrag på kr 350.000 for privat- og fritidsbustader, jf. eigedomsskattelova § 11, 2. ledd.

Endra forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eigedomsskatten.
Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 % syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal.
Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka.

Framlegg frå Raudt og FrP, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Kommunestyret vel å ta i bruk Skatteetatens bustadverd ved utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar med verking frå 1. januar 2021.
2. Kommunestyret ber Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt til å gjere om takseringa av alle

næringseigedommar. Retakseringa må gjennomførast på ein profesjonell måte og være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022.

3. Kommunestyret vidarefører promillesatsane som tidigare er vedtatt. Det betyr:

Bustad- og fritidseigedommar: 3,5 promille

Næringseigedom: 6 promille

Produksjonsutstyr: 3 promille

4. For å sikre at ein ny prosess vert uhilda vert sakkyndig nemnd for eigedomsskatt lagt ned, og det vert opprette ei ny nemnd med følgende medlemmer:

1.

2.

3.

5. Eventuelle økonomiske konsekvensar blir å komme tilbake til i revidert budsjett.

Framlegg fra H - Nytt pkt. 8 til fellesframlegg fra Ap, V og KrF, foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre

8. Med utgangspunkt i at den foreliggende takseringa inneheld så betydelige feil og manglar at det må reknast som særskilt grunn vert det foretatt ny taksering som skal gjelde f.o.m 2022.

Kommunestyret tek stilling til organisering og gjennomføring i eiga sak.

Justert framlegg frå FrP, Raudt og SP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vel å ta i bruk Skatteetatens bustadverd ved utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar, der dette ikkje vert til skatteytars ugunst, med verking frå 1. januar 2021.

2. Kommunestyret ber Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt til å gjere om takseringa av alle næringseigedommar. Retakseringa må gjennomførast på ein profesjonell måte og være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022.

3. Kommunestyret vidarefører promillesatsane som tidigare er vedtatt. Det betyr:

Bustad- og fritidseigedommar: 3,5 promille

Næringseigedom: 6 promille

Produksjonsutstyr: 3 promille

4. Eventuelle økonomiske konsekvensar blir å komme tilbake til i revidert budsjett.

Fellesframlegg frå Ap, V, H, KrF og SV, foreslått av Silje Ødegård Standal, Kinn Arbeiderparti

1. Kommunestyret føreset at det for 2021 skal takast inn eit kronebeløp via eigedomsskatt i tråd med det som er bestemt i budsjett for 2021. Det føreset at takstane er i tråd med eigedomsskattelova.

2. Kommunestyret viser til det handlingsrommet KS sin advokat viser til at kommunestyret har i den situasjonen ein no står i. På dette grunnlag vedtek kommunestyret at skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar er 3,3 promille og for næringseigedomar 5 promille.

3. Klagefristen for saker om eigedomsskatt vert sett til 1. november 2021, for å legge inn ein ekstra tryggleik for skattytar.

4. Uavhengig av klageordninga skal kommunedirektøren før faktura for innbetaling av eigedomsskatt vert sendt ut kvalitetssikre årsak til større endringar for dei ulike objekta etter følgende prinsipp:

a. For gamle Flora kommune: Auke av eigedomsskatt utover 20 % skal særskilt vurderast.

b. For gamle Vågsøy kommune: Auke av eigedomsskatt utover 40 % skal særskilt vurderast.

Om auken framstår urimeleg skal denne korrigerast før krav vert sendt ut.

Sakkyndig nemnd kan vurdere å leie inn bistand fra eksternt takstfirma for å gjennomgå takstene og retningslinjene. På bakgrunn av en ekstern vurdering kan nemnda ta stilling til hvorvidt det foreligger feil i enkelttakster eller i retningslinjene.

(Årsaken til skilnaden i punkt 4a og 4b mellom kommunedelane er at Flora nyleg gjennomførte ei retaksering som fanga opp verdiauken, noko Vågsøy ikkje har gjort. På dette grunnlag vil venteleg auken bli større i Vågsøy.)

5. Å konto fakturering av eigedomsskatt vil skje så snart første og andre avsnitt i punkt 4 er

gjennomført

6. Det er viktig å sørge for god dialog med innbyggjarar i kommunen i denne saka, og vere serviceorientert. Det skal ved behov vere mogleg med betalingsutsetjing i inntil fire månader, og det skal prioriterast ressursar for informasjon om eigedomsskatt ved telefonkontakt. Det er viktig at skriv som går ut til innbyggjarane er lettfatteleg og informativt.

7. For 2022 skal det være mogleg med avrekning for kommunale avgifter månadleg.

8. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie konsekvensar og moglegheiter for ei ny taksering gjeldande for 2022, uavhengig av sak om eigedomsskatten for 2021. Kommunestyret viser til den skisserte moglegheita ein har til å foreta slik ny taksering om det ligg føre betydelege feil og manglar. Kommunedirektøren legg fram slik sak innan tidleg haust 2021.

9. Kommunestyret oppmodar sakkyndig nemnd om å ta initiativ til å få ekstern vurdering av takseringa.

(Jmf. Punkt 4 i notat frå KS-advokatene.)

Votering:

Justert framlegg frå FrP, Raudt og SP, v/repr. Djuvik, punkt 1. og 2., falt mot 15 røyster; SP 7, MdG-2, Raudt-4 og FrP-2.

Justert framlegg frå FrP, Raudt og SP, v/repr. Djuvik, punkt 3. og 4., falt mot 13 røyster; SP-7, Raudt-4 og FrP-2.

Framlegg frå AP, V, H, KrF, og SV, v/repr. S.Ø.Standal:

Punkt 1. vedtatt mot 13 røyster; SP-7, Frp-2 og Raudt-4.

Punkt 2. vart votert opp mot forslag frå MDg v/ repr. Bovim. Framlegg frå AP, V, H, KrF og Sv pkt. 2 vedtatt mot 10 røyster; Raudt-4, SV-3, MdG-2, SP-1.

Punkt 3,4,5,6,7,8 og 9 samrøystes vedtatt.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, pkt. 4., falt mot 11 røyster; SP-5, Frp-2 og Raudt-4.

Framlegg frå Raudt v/repr. Oldeide vedtatt mot 3 røyster, Frp-2, KRF-1.

KOST- 077/21 Vedtak:

1. Kommunestyret føreset at det for 2021 skal takast inn eit kronebeløp via eigedomsskatt i tråd med det som er bestemt i budsjett for 2021. Det føreset at takstane er i tråd med eigedomsskattelova.

2. Kommunestyret viser til det handlingsrommet KS sin advokat viser til at kommunestyret har i den situasjonen ein no står i. På dette grunnlag vedtek kommunestyret at skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar er 3,3 promille og for næringseigedomar 5 promille.

3. Klagefristen for saker om eigedomsskatt vert sett til 1. november 2021, for å legge inn ein ekstra tryggleik for skattytar.

4. Uavhengig av klageordninga skal kommunedirektøren før faktura for innbetaling av eigedomsskatt vert sendt ut kvalitetssikre årsak til større endringar for dei ulike objekta etter følgande prinsipp:

a. For gamle Flora kommune: Auke av eigedomsskatt utover 20 % skal særskilt vurderast.

b. For gamle Vågsøy kommune: Auke av eigedomsskatt utover 40 % skal særskilt vurderast.

Om auken framstår urimeleg skal denne korrigert før krav vert sendt ut.

Sakkyndig nemnd kan vurdere å leie inn bistand fra eksternt takstfirma for å gjennomgå takstene og retningslinjene. På bakgrunn av en ekstern vurdering kan nemnda ta stilling til hvorvidt det foreligger feil i enkelttakster eller i retningslinjene.

(Årsaken til skilnaden i punkt 4a og 4b mellom kommunedelane er at Flora nyleg gjennomførte ei retaksering som fanga opp verdiauken, noko Vågsøy ikkje har gjort. På dette grunnlag vil venteleg auken bli større i Vågsøy.)

5. Å konto fakturering av eigedomsskatt vil skje så snart første og andre avsnitt i punkt 4 er gjennomført
6. Det er viktig å sørge for god dialog med innbyggjarar i kommunen i denne saka, og vere serviceorientert. Det skal ved behov vere mogleg med betalingsutsetjing i inntil fire månader, og det skal prioriterast ressursar for informasjon om eigedomsskatt ved telefonkontakt. Det er viktig at skriv som går ut til innbyggjarane er lettfatteleg og informativt.
7. For 2022 skal det være mogleg med avrekning for kommunale avgifter månadleg.
8. Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie konsekvensar og moglegheiter for ei ny taksering gjeldande for 2022, uavhengig av sak om eigedomsskatten for 2021. Kommunestyret viser til den skisserte moglegheita ein har til å foreta slik ny taksering om det ligg føre betydelege feil og manglar. Kommunedirektøren legg fram slik sak innan tidleg haust 2021.
9. Kommunestyret oppmodar sakkyndig nemnd om å ta initiativ til å få ekstern vurdering av takseringa.
(Jmf. Punkt 4 i notat frå KS-advokatene.)
10. Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eigedomsskatten. Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 % syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal. Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka.

Bakgrunn for saka:

Saka var til handsaming i kommunestyret 25. mars i år. Då vedtok de:

«Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det er viktig at framlegg til vedtak som ein ynskjer å fremje så langt mogleg er utgreidd før møtet. Ev. framlegg bør difor sendast ordførar innan 15. april slik at kommunedirektøren kan gjere naudsynnte utgreiingar av konsekvensar av moglege vedtak og kommunisere desse til partia i god tid før møtet.»

Med unntak av innspelet og spørsmål frå representanten Frank Willy Djuvik har kommunedirektøren ikkje mottatt andre framlegg, jamfør vedtaket ovanfor. Vi vil likevel kommentere dei framlegga som kom i sist møte og som er tatt med under i denne saka.

Vi vil sortere dei etter dei tema vi finn hensiktsmessig.

Tema 1

Kan kommunestyret vedta å vidareføre tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021?

Drøfting:

Vi har henta inn ei uttale frå KS i saka. Deira uttale følgjer som vedlegg. Vi viser til den og understrekar følgjande frå side 5 og 6 punkt 7, dei to siste avsnitta:

«Kommunestyret i Kinn kommune har vedtatt at det skulle finne sted en alminnelig taksering med virkning fra skatteåret 2021, og sakkyndig nemnd har i tråd med dette vedtaket fastsatt nye eiendomsskattetakster for samtlige skattepliktige eiendommer i Kinn kommune. Ved

fastsettelsen av de nye takstene opphørte de tidligere eiendomsskattetakstene, og disse takstene kan ikke lenger benyttes.»

Kinn kommune samkjørte skattesatsene i den nye kommunen allerede fra skatteåret 2020, og overgangsperioden etter eiendomsskatteloven § 13 tredje ledd var således ett år. Det følger av eiendomsskatteloven § 13 tredje ledd at eiendomsskatten må være lik i hele kommunen første året etter overgangsperioden. For at eiendomsskatten skal være lik i hele kommunen må alle takster være fastsatt etter de samme retningslinjer og med samme verdimålingstidspunkt. Det er altså ikke anledning til å skrive ut eiendomsskatt basert på takster fastsatt på ulike retningslinjer i 2021 når kommunen ikke lenger er i en overgangsperiode. Også dette forholdet tilsier at det ikke vil være anledning til å skrive ut eiendomsskatt på grunnlag av de tidligere takstene.

Dette er i samsvar med svaret frå kommunedirektøren i marsmøtet.

Konklusjon:

Kinn kommune har ikkje høve til å vidareføre tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.

Dette svarar på framlegga frå Rødt, FrP og delvis MDG.

Tema 2:

Kan Kommunestyret vidareføre promillesatsen frå 2020 til utskriving av eigedomsskatt i 2021?

Drøfting med konklusjon:

Ja, kommunestyret kan fastsette eigedomsskattesatsar (promillesats) på fritt og sjølvstendig grunnlag.

Sjå også KS side 6 punkt 8, nest siste avsnitt.

Dette svarar på framlegga frå Rødt, Frp og delvis MDG.

Tema 3:

Kan kommunestyret be kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:

- Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar.
- Takseringa av næringsseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarende arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.

Drøfting:

Kommunestyret har tidlegare vedtatt å gjennomføre ei alminnelig taksering. KS skriv på side 5 i punkt 6:

«Det fremgår av eiendomsskatteloven § 8 A-3 andre ledd at alminnelig taksering som hovedregel skal skje hvert tiende år. Kun dersom det foreligger «særlege tilhøve» er det anledning til å foreta en alminnelig taksering før det har gått ti år.

Eiendomsskatteloven § 13 tredje ledd gir kommunen hjemmel til å gjennomføre en alminnelig taksering i forbindelse med en kommunesammenslåing. Andre særlege tilhøve kan være at kommunen endrer utskrivingsalternativ eller at man tar i bruk Skatteetatens boligverdier ved utskriving av eiendomsskatten.

Når Skatteetatens boligverdier tas i bruk har Finansdepartementet uttalt at det er en forutsetning for at en alminnelig taksering kan finne sted at boligverdiene medfører store forskjeller i skattegrunnlagene.

At det eventuelt oppdages feil i fastsatte takster vil etter vår oppfatning ikke være et særleg tilhøve som gir rett til å gjennomføre en alminnelig taksering. Feil i eiendomsskattetakster må rettes med hjemmel i eiendomsskatteloven § 17 jf det som er skrevet ovenfor under punkt 4, eller ved at skattyters klager tas til følge.»

Konklusjon:

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at vi har heimel til å gjennomføre ei ny taksering no. Vi kan ikkje endre utskrivingsalternativ for skatteåret 2021, men kommunestyret kan for seinare år endre til skattetaten sine bustadverdiar.

Det ligg ikkje føre utskrivingsalternativ for næringsseigedomar. Taksering er gjennomført og kan tidlegast gjennomførast på nytt etter 10 år. Det same gjeld for fritidseigedomar og tomtar.

Dette svarar på framlegga frå Rødt, FrP og delvis MDG.

Tema 4:

- 1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.**
- 2. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren beregner korleis vedtaket i pkt. 1 kan samsvare best mogleg med budsjettert eigedomsskatt for 2021. Dette vert å komme attende til i revidert budsjett.**

Drøfting/konklusjon:

Punkt 1 er avklara ovanfor.

Då det ikkje er høve til å realisere punkt 1 i framlegget, vil punkt 2 også vere uaktuelt.

Dette svarar på framlegget frå MDG.

Tema 5:

Til budsjettbehandlingen for 2022 skal kommunedirektøren ha utgreidd muligheten for bunnfradrag i eiendomsskatten på privatbustadar i Kinn kommune, jf. eigedomsskattelova § 11, 2. ledd."

Drøfting/konklusjon:

Dette må eventuelt kommunestyret stadfeste no, eller i samband med budsjettarbeidet for 2022.

Tema 6:

Brev av 8. april frå finansminister Jan Tore Sanner

Drøfting:

I KS sitt notat til Kinn kommune kommenterer dei spørsmålet frå stortingsrepresentant Helge Andre Njæstad sitt spørsmål om utskriving om eigedomsskatt i Kinn kommune. Spørsmålet byggjer på eit innspel frå kommunestyremedlem Frank Willy Djuvik. KS drøftar dette på sidene 3-5 i punkta 3 til og med 5.

Kommunedirektøren gjengir ikkje KS si vurdering her, men viser til det vedlagte notatet og spesielt side 7 punkt 10; *konklusjon*.

Tema 7:

Klagefrist på eiendomsskatt vert 6 mnd

Drøfting:

Kommunedirektøren er samd i at klagefristen vert sett til 1. november 2021.

Klagene vert først å handsame i sakkunning nemnd. Får dei medhald der vert innkrevjinga endra. Dersom nemnda ikkje gjer fullt medhald, vert saka å sende overtakstnemnda til endeleg avgjer.

Dette svarer på framlegget frå Høgre.

Tema 8:

Faktura vert sendt ut 1/6-21 med forfall 1/7-21

Kommunedirektøren legg opp til det.

Dette svarar på framlegget til Høgre.

Tema 8:

Situasjonen med omsyn til klager og førespurnader

Drøfting:

Eigedomsskattekontoret (EK) har motteke 1390 skriftlege henvendingar der ein god del av desse er å sjå som etterspurnad om nærare forklaring på takst. I desse ligg det også 110 saker der klager kjem med tilleggsopplysningar til klagen. Andre er direkte klager på at taksten er for høg. EK arbeider no med gjennomgang av desse sakene og dei vert tekne til handsaming fortløpande etter dato. Pr i dag er det handsama 240. I tillegg har EK besvart e-mailer og telefonhenvendingar. Mange saker er avklart via telefonsamtale. EK rettar opp i openberre feil - utan opphald.

Matrikkelfører arbeider med oppdatering av matrikkel etter meldingar frå synfararane. Dette er tidkrevjande og omfattande arbeid. Det gode med dette er at no vert matrikkelen oppdatert og rett.

Pr i dag er det att i overkant av 700 saker som skal handsamast hos matrikkelfører. Avventer over 100 saker på ferdigattest, og det er over 200 saker som er oversendt frå matrikkelfører til byggavdelinga for kontroll (ulovlege bygg). Dette som resultat av synfaringane.

Tema 9:

Kva har kommunestyret høve til å gjere/kompetanse?

Drøfting:

Kommunedirektøren viser til KS sitt svar side 6 punkt 8 som vert gjengjeve her:

«Kommunestyret vedtar om det skal finne sted en alminnelig taksering i kommunen. Dette følger av eiendomsskatteloven § 8 A-3. Slikt vedtak kan imidlertid bare fattes når det er hjemmel for det i eiendomsskatteloven, slik som beskrevet i punkt 6 i dette notatet.

Kommunestyret i Kinn kommune har vedtatt det skulle finne sted en alminnelig taksering og at de nye takstene skulle tas i bruk fra skatteåret 2021.

Det følger av eiendomsskatteloven § 8 A-3 andre ledd at kommunestyret skal utnevne de personer som skal stå for takseringen eller at det skal utnevnes en sakkyndig nemnd som skal fastsette takstene. Kommunestyret kan ikke selv fastsette takstene, og kommunestyret har verken instruksjonsmyndighet eller myndighet til å overprøve fastsatte eiendomsskattetakster.

Kommunestyret har heller ikke kompetanse til å påklage enkelttakster eller sakkyndig nemnds retningslinjer som er utarbeidet for takseringen.

Kommunestyret fastsetter eiendomsskattesatser, utskrivingsalternativ, eventuelt bunnfradrag m.v., men har altså ingen innflytelse over eiendomsskattetakstene. Dersom kommunestyret ønsker å redusere skattetrykket må dette gjøres ved hjelp av reduksjon av skattesatser, økning

(innføring) av bunnfradrag m.v.

Med hjemmel i eiendomsskatteloven § 8 A-3 tredje ledd har formannskapet adgang til å kreve overtakst. Dette innebærer at formannskapet har klageadgang på enkelttakster på lik linje med skattyterne. Vi kjenner ikke til hvorvidt formannskapet har påklaget enkelttakster i Kinn kommune.»

Tema 10:

Kapasitet til å handsame klager og førespurnader i tida fram til klagefristen sitt utløp.

Drøfting:

Vi vil ha kapasitet til å handsame dei skriftlege henvendingane vi har fått til no. Dei vert formelt sett på som klager og handsama deretter. Først administrativt og retta opp. Deretter eventuell handsaming i sakkunning nemnd. Eventuelt til slutt i overtakst-nemnda.

Det betyr samstundes at ingen av dei som har sendt skriftlege meldingar til kommunen treng å sende noko på nytt. Dei vert alle sett på som klager.

Vi legg med andre ord opp til ei fleksibel haldning i kva vi ser på som klager. På same vis må vi avklare forventingane til sakshandsamingstida. Det vil vere umogeleg å handsame innkomne klager/henvendingar innan tre veker. Det betyr at vi må informere om dette på heimesida, og legge denne forventingsavklaringa inn i standardsvar ved mottak av nye.

Tema 11:

Fastsetting av nye promillesatsar.

I saksutgreiinga til møte i mars tilrådde kommunedirektøren å fastsette skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar til 3,3 promille og for næringseigedomar til 5 promille.

Etter kvart som vi har arbeidd med saka ser vi at det framlegget kan stå.

Det vil gi følgjande utrekningar

Kategori	Promillesats	Inntekter
Bustad- fritid	3,3	45,599 millionar
Næringseigedomar	5,0	36, 501 millionar
Samla inntekter		82,1 millionar (KOST vedtak 79,5)
Reserve		2,6 millionar

I tillegg kjem 1 million kroner som inntekt frå produksjonsutstyr. Ein kategori som er under utfasing.

Til frådrag kjem fritaket for nye bustader (3 år) med tilsvarande sum som for produksjonsutstyr (1 mill).

Kommunedirektøren oppmodar kommunestyret om å ikkje redusere reserven ytterlegare ned frå 2,6 millionar kroner.

SAKSUTGREIING TIL KOMMUNESTYRET 250321

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommuenstyret tek til vitande at formannskapet i sak 14/21, med heimel i kommunelova §

11-8, nytta hasteparagrafen og justerte skattesatsen for bustad- og fritidseigedomar frå 4 til 3,5 promille, for skatteåret 2021.

2. Kommunestyret fastset skattesatsen i 2021 for bustad- og fritidseigedomar til 3,3 promille og for næringseigedomar til 5 promille.

Kommunestyret 25.03.2021:

Handsaming:

Forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eigedomsskatten. Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 % syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal. Sett i ettertid er konklusjonen at saka var så mangelfullt utgreia at ein ikkje skulle ha avholdt ekstra formannskapsmøte og brukt hastekompetanse i denne saka. Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka fram til no.

Forslag fra Rødt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

Da det nye takstgrunnlaget for både nærings-, bustad- og fritidseiendommer ser ut å være feil på veldig mange objekt så vil Kinn kommunestyre gjøre om på vedtaket om eiendomsskatt og vil kreve inn skatt for 2021 etter de samme takster og satser som var brukt for 2020. Manglende beløp i budsjettet som følge av dette vert å dekke inn ved kommende budsjettrevisjon.

Forslag frå Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

1. Klagefrist på eiendomsskatt vert 6 mnd
2. Faktura vert sendt ut 1/6-21 med forfall 1/7-21

Alternativt framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eiendomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar.
 - Takseringa av næringseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være slutført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Alternativt framlegg frå FrP og Raudt, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eiendomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedommar.
 - Takseringa av næringseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og

kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.

- Arbeidet skal være sluttført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Høyre, Venstre og arbeiderpartiet, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

Satsen for eiendomsskatten blir 4.6 promille for næring og 3.5 promille på privat bustader og fritidsbustader.

Revidert forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Kommunestyret er ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av eigedomsskatten. Når ein tilrår å kalle inn til ekstra formannskapsmøte og nytte hasteparagrafen i kommunelova for å rette opp att den store feilen som gjorde at ein ville krevje inn altfor mykje skatt, då må ein forvente at saka er godt nok utgreidd. Det var den ikkje i dette tilfellet. Etter at formannskapet følgde tilrådinga frå kommunedirektøren og gjorde vedtak om å sette ned satsen på bustader til 3,5 ‰ syner det seg at ein likevel tek inn nærare 20 mill meir enn ein skal. Kommunestyret seier seg ikkje nøgd med administrasjonen si handtering av denne saka fram til no.

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren beregner korleis vedtaket i pkt. 1 kan samsvare best mogleg med budsjettert eigedomsskatt for 2021. Dette vert å komme attende til i revidert budsjett.
3. Fram til beregning som i pkt. 2 er gjennomført vert promillesatsen frå 2021 vidareført til utskriving av e-skatt i 2021.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Takseringa av eigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
 - Arbeidet skal være sluttført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Tilleggsframlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Til budsjettbehandlingen for 2022 skal kommunedirektøren ha utgreidd muligheten for bunnfradrag i eiendomsskatten på privatbustadar i Kinn kommune, jf. eigedomsskattelova § 11, 2. ledd."

Framlegg til skattesats (om de to forrige faller), foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Satsen for eiendomsskatten blir 4,6 promille for næring og 4 promille på privatbustader og fritidsbustader. Det vert innført eit botnfrådrag på kr 250.000 for privat- og fritidsbustader, jf. eigedomsskattelova § 11, 2. ledd.

Framlegg frå FrP, Raudt og SP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Kommunestyret vidarefører tidlegare verditakst for utskriving av eigedomsskatt i 2021.
2. Kommunestyret vidarefører promillesatsen frå 2020 til utskriving av eigedomsskatt i 2021.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre ei ny retaksering av alle eigedommar i Kinn basert på følgjande prinsipp:
 - Likningstakst skal ligge til grunn for utskriving av eigedomsskatt for bustad- og

fritidseigedommar.

- Takseringa av næringseigedommar skal gjennomførast på ein profesjonell måte, og kommunedirektøren skal vektlegge kompetanse og erfaring frå tilsvarande arbeid i tillegg til pris i val av aktør til å gjennomføre arbeidet.
- Arbeidet skal være sluttført før endeleg budsjetthandsaming for 2022, slik at kommunestyret kan legge oppdaterte verditakstar til grunn ved fastsettelsen av promillesats for 2022

Utsettingsframlegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det er viktig at framlegg til vedtak som ein ynskjer å fremje så langt mogleg er utgreidd før møtet. Ev. framlegg bør difor sendast ordførar innan 15. april slik at kommunedirektøren kan gjere naudsynte utgreiingar av konsekvensar av moglege vedtak og kommunisere desse til partia i god tid før møtet.

Røysting:

Utsettingsframlegg frå V v/repr. Nødseth vedtatt mot 4 røyster (Raudt).

KOST- 028/21 Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

Det er viktig at framlegg til vedtak som ein ynskjer å fremje så langt mogleg er utgreidd før møtet. Ev. framlegg bør difor sendast ordførar innan 15. april slik at kommunedirektøren kan gjere naudsynte utgreiingar av konsekvensar av moglege vedtak og kommunisere desse til partia i god tid før møtet.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Nydal fremjer utsetjing.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart vedteke mot røystene til Sp, Frp og Raudt (6)

KOST- 060/21 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har bestemt at dei samla inntektene frå eigedomskatten skal vere 79,5 millionar kroner. Inntektene er framleis høgare enn det. Med bakgrunn i det siste talmateriale, ser kommunedirektøren moglegheiter til å ta ned promillesatsen tilsvarande 11 millionar kroner. Då har vi tatt høgde for ein reserve i høve handsaming av klager. Den vil då vere om lag 4,5 millionar kroner.

Saksopplysningar:

Årsaka til denne situasjonen ligg først og fremst i at det framleis er forskjellar mellom eigedomsregisteret og dei tidlegare registrerte opplysningane i matrikkelen. Med det fokuset saka har hatt i media dei siste vekene, har vi fått mange innspel som har hjelpe til med å oppdatere registra våre. Detaljgrunnlaget for takst og skatt vart sendt ut i forkant av at denne saka vert handsama i kommunestyret. Det kan gi grunnlag for enda betre oppdatering av talgrunnlaget, og eg vil kome med eventuelle endringar i føresetnadane i forkant av kommunestyret si førehaving. Om summen på 11 millionar kan endrast?

Den siste veka har vi registrert at avvika no fordeler seg meir likt mellom bustad- og

fritidseigedomar og næringseigedomar. Når vi har sendt ut detaljgrunnlaget kan vi oppleve endringar i denne fordelinga.

Vurderingar:

Utgangspunktet er at vi samla sett kan ta ned inntektene med 15,5 millionar kroner. Eg vil sterkt tilrå ein reserve i høve utfallet av klagesaker. Eg vurderer ein forsvarleg reserve til å utgjere om lag 4,5-5 millionar kroner.

Det betyr at vi kan justere promillesatsen slik at inntektene samla sett samsvarer med kommunestyret sitt budsjettvedtak. Det gir kommunestyret no høve til å ta ned inntektene med om lag 11 millionar kroner.

Det er fleire alternative løysingar. Her er nokre alternativ.

Promillesatsen er i dag 3,5 på bustad- og fritidseigedomar og 6 på næringseigedomar. Begge kategoriane gjeld også tomteland med same føremål.

Det gir følgjande inntekter:

Bustad- fritidseigedomar	kr	48 840 000
Næringseigedomar	kr	46 161 000
Samla inntekter	kr	95 001 000

I tillegg kjem 1 million kroner som inntekt frå produksjonsutstyr. Ein kategori som er under utfasing.

Til frådrag kjem fritaket for nye bustader (3 år) med tilsvarende sum som for produksjonsutstyr (1 mill).

Mogelege alternativ:

Kommunestyret kan ta ned promillesatsen ytterlegare på bustad- og fritidseigedomar. Dersom den vert justert ned med 0,5 promille vil inntektene bli redusert med 7 millionar kroner.

Dersom promillesatsen på næringseigedomar vert tatt ned med 1 promillene vil inntektene bli redusert med nærare 8 millionar kroner.

Dersom kommunestyret gjer begge reduksjonane forsvinn reserven.

Vi kan legge følgjande matrise til grunn:

Ein kombinasjon av dei ulike alternativa kan vere:

Eller det kan vere andre kombinasjonar kommunestyret vel å vedta.

Med bakgrunn i formannskapet sine drøftingar og ut frå det faktum at avvika no er meir likt fordelt mellom kategoriane, tilrå kommunedirektøren å fordele den vidare justeringa mellom skatteobjekta. Ved å ta ned satsen til 5 promille på næringseigedomar og ytterlegare 0,2 promille på bustad og fritidseigedomar, oppnår vi ei fordeling som også samsvarer med kommunestyret sitt opphavlege vedtak. Då var skilnaden mellom dei to kategoriane 2 promille.

I framlegget her er den 1,7. Då får vi heller ingen vesentleg endring i det forholdstalet.

Økonomiske konsekvensar:

Saka legg opp til å justere skattesatsane for eigedomskatten slik at dei samla inntektene tilsvarar kommunestyret sitt vedtak på 79,5 millionar kroner.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Vurdering av hvorvidt Kinn kommune har anledning til å gjennomføre en alminnelig taksering med virkning fra skatteåret 2022

Svar på spørsmål nr.1798 frå stortingsrepresentant Helge André Njåstad om utskriving av eige